



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
18.12.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/3757 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt per 30.november 2017

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 30. november d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 3,1 prosent dei første elleve månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane i fylket samla utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 1,1 prosent.

Innbetalt skatt per 30.november d.å. i prosent av budsjett 2017 var 99,4 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 99,5 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 4,4 prosent for kommunane samla i landet.

Den høge skatteveksten for Sveio kommune er ekstraordinær og skuldast at ein skatteytar har seld sin del av ei verksemd.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

